



STRATEGI FOR VERNEOMBOD

2 0 2 4 - 2 0 3 0

HELSE • VEST



«*Strategi for verneombod*» har til hensikt å styrke verneombodsrolla, utvikle vervet og gi retning for kva vi kan gjere for å oppnå eit betre arbeidsmiljø.

Strategien blir brukt i opplæring av nye verneombod og til å presentere verneomboda si rolle for medarbeidarar og leiarar.

I 2023 blei det gjennomført ein prosess med å revidere strategien, både nasjonalt og regionalt. Brei involvering og medverknad frå verneomboda har vore bevisstgjerande og kompetansehevande.

Saman med verneomboda i dei andre helseregionane har vi blitt samde om måla. Verneomboda i Helse Vest har utarbeidd teksten under kvart punkt, om korleis vi skal nå måla.

Visjon

- Vårt arbeidsmiljø - alle si helse

Verdiar

- Respekt
- Støtte
- Samhald

Vi er synlege, tilgjengelege og engasjerte:

- Vi snakkar med medarbeidarane om arbeidsmiljø.
- Vi deltek på personalmøte og ser til at HMS og arbeidsmiljø er fast tema.
- Vi deltek på vernerundar.

Vi samarbeider med medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde om å utvikle trygge og helsefremjande arbeidsplassar:

- Vi har tydeleg skriftleg samarbeidsavtale med leiar.
- Vi legg vekt på førebyggjande arbeid med helse, miljø og sikkerheit.
- Vi planlegg faste møte i god tid.
- Vi fremjar partssamarbeid, og har faste møte med partane.

Vi bidreg til endring og utvikling som fremjar eit godt arbeidsmiljø og betre pasienttryggleik:

- Vi medverkar i endringsprosessar, og samarbeider med medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde.
- Vi er pådrivarar for at årsak til endringar er tydeleg og at ein nyttar retningslinjer for endring og omstilling.
- Vi bidreg til at HMS og pasienttryggleik er knytt saman.

Vi har nødvendig kompetanse tilpassa risikoforholda og utviklinga på arbeidsplassen:

- Vi har oversikt over risikoforholda i verneområdet.
- Vi kartlegg kva kompetanse vi treng utover 40 timars HMS-kurs.
- Vi samarbeider og deler erfaring og kunnskap med kvarandre.

Vi jobbar for eit godt ytringsklima som fremjar openheitskultur og eit lærande arbeidsmiljø:

- Vi oppmodar medarbeidarar til å komme med innspel til forbetring av arbeidsmiljøet.
- Vi arbeider for god kommunikasjon mellom medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde.
- Vi har oversikt over melde uønskte hendingar og er pådrivarar for risikovurdering, tiltak og læring.

Vi er pådrivarar i oppfølginga av ForBetrin og at alle medarbeidarar er involverte:

- Vi oppfordrar alle til å svare på undersøkinga.
- Vi er pådrivarar for at det blir laga gode risikovurderingar og konkrete handlingsplanar, i samhandling med medarbeidarane.
- Vi arbeider for ein levande handlingsplan.

Vi bidreg til eit miljø utan trakkassering og diskriminering:

- Vi er pådrivarar for eit arbeidsmiljø utan trakkassering og diskriminering.
- Vi seier i frå om utilbørleg åtferd og kritikkverdige forhold.
- Vi bidreg til at verdiar og retningslinjer er kjende.

Vi har faste møte for verneomboda på alle plan:

- Vi har faste obligatoriske møte lagt inn i arbeidsplanen.
- Vi melder inn tema og bidrar aktivt i møte.
- Vi har årlege oppfølgingssamtaler for verneomboda.

